

---

**Fra:** Hildegunn Drabløs [mailto:hildegunn@moreskule.no]

**Sendt:** 20. august 2014 14:31

**Til:** Forværelse - Me

**Emne:** Korleis bør NRK sjå ut i framtida?

Eg er lærar, og eg er svært glad for skulesidene som NRK har, der eg kan finne mange arkivklipp, som eg flettar inn i undervininga. Den sida håpar eg verkeleg blir oppretthelden.

Eg er tante, og eg ynskjer at tanteborna mine skal ha eit trygt og godt barneTV på NRK super, utan reklame. Det er svært viktig for meg. Eg ynskjer at alle born skal kunne sjå fjernsyn der dei strekkjer evna si til felles fokus. EG ser mange ungdomsskuleelevar som treng "reklamepause" ganske hyppig i undervisninga. Reklamefinansierte program som klipper opp og forenkler hendinga og gjentek seg sjølv, grunna zapping og reklamepauser, er øydeleggande. Ikkje at det fins, men at så mange er vande med denne måten å konsentrere seg på. EG treng ein TV som går i djubda og som let meg tenkje. Det trur eg samfunnet også treng.

Eg betalar min lisens med glede!

På den andre sida er eg usikker på kor mange NRKradiokanalar vi eigentleg treng. Eg lyttar til P2 og av og til P1, men ser ikkje at kvar person treng sin radiokanal, til musikk set jo dei fleste saman sine eigne spelelister, og med nettilbod og dab kan ein jo velje det radioprogrammet ein gjekk glipp av. Eg får med meg salmer til alle tider, sjølv om eg ikkje høyrer på radioen på det tidspunktet, for å seie det slik, så eg ser ikkje heilt poenget med at store ressursar skal nyttast til fleire NRK-kanalar, ikkje start nye før de ser kor mange som lyttar på dei vi har. (om ikkje det er fordi de har ein del programleiarar som ikkje er brukandes til noko, men nektar å gå av med pensjon då....)

Beste helsing Hildegunn Drabløs